



Dei vann alle kampane sine! Foto: Grenda

**Det krev sitt å spela fotball på ein annan stad enn der ein bur, men dei unge spelarane frå Uskedalen som spelar i Rosendal viser at det ikkje er nokon hindring. Tvert imot er fleire av dei heilt i toppen på statistikken med omsyn til frammøte på treninga. Det gjeld til dømes gutane født i 1999 som vann serien med siger i alle 20 kampane!**

Statistikken fortel at uskedelingane Sondre Myklebust og Karsten Haugland ligg på tredjeplass i frammøte på trening. Så er da også Uskedalen godt representert i leiinga - med Ivar Gundersen som ein av trenarane og Klara Bakke som lagleiar. Og Klara sin son Emil og Martin Yri Røssland er også i spelarstallen.

I laget for gutar 97/98 ligg også fleire uskedelingar godt an i frammøte på trening. Marius Myklebust er nummer 2 og Hermund Døssland nummer 3!

Ein skal heller ikkje gløyme Ingar Eik Høivik som spelar i 2000. Han er også tredjemann i frammøte.

Konklusjon? Det er ein nær samanheng mellom treningsiver og resultat!

Av Ola Matti Mathisen